

## PRESSEMELDING



## Arctic Tunnel til Island, Grønland og Færøyane.

Hagebutikken AS har fått avtale om levering av sine Arctic Tunnel til fleire bær dyrkarar på Island, Grønland og Færøyane. Tunnelane vil bli nytta til både jordbær og bringebær. Med erfaringane og konklusjonane etter workshopen med Sintef Byggforsk tidlegare i vinter, trur eg vi er betre rusta enn dei fleste til å levere tunnelar som tåler ein trykk i det Nord-Atlantiske tøffe klimaet seier Ola Hopperstad, Dagleg leiar i Hagebutikken AS, som Arctic Tunnel er ein del av.

- Det heile starta i 2005, med etableringa av Sognabær, i det veletablerte bringebærmiljøet på Vangsnes. Med Sognabær kom tunnelane, og agenturet for Viking Tunnels i Skotland. Då Viking Tunnels måtte legge inn årane i 2008,

valde vi å vidareføre satsinga på sal av tunnelar i dei Nordiske landa, og etablerte Arctic tunnel som eit nytt merkenamn innan plast-tunnelar. Tunnelane blir fortsatt produsert på ein fabrikk i Skotland, same fabrikk som tidlegare produserte tunnelar for Viking. Vi prøvde å få tunnelane laga i Noreg, men det blei for dyrt.

Leveransen til øyane i Nord-Atlanteren er resultat av eit prosjekt for å styrke bærproduksjonen desse stadane. Med i prosjektet er fleire aktørar, som Graminor, Innovasjon Noreg, Sagaplant med fleire. I tillegg forskingsmiljøa i alle deltakingande landa.

Workshopen hjå Sintef Byggforsk hadde som mål å finne gode og kostnadseffektive metodar for i styrke tunnelane mest mogeleg mot vasklege værforhold, spesielt mot sterk vind. Workshopen resulterte i ein rapport på 23 sider, med fleire gode løysingar for å styrke tunnelane. Fleire av desse vil bli nytta i tunnelane som skal byggast på Island, Grønland og Færøyane i vår.

Vi vurderer og å ta eit steg vidare, å bygge modellar av tunnelane for testing i vindtunnel. Det vil i så fall kunne gi endå fleire gode løysingar trur Hopperstad.

Til dei nye tunneldyrkarane skal Hagebutikken AS levere ein total-pakke, som forutan tunnelane inkluderer vatningssystem og klimaregistrering. Sagaplant skal stå for leveransen av jordbær og bringebærplanter. På Grønland vil dei sjølv stå for monteringa, medan Hagebutikken sine montørar skal gjere jobben på Færøyane, og delta i monteringa på Island.

Med vindar heilt opp i 60 meter i sekundet er det klart vi er spente på korleis dette vil gå, men med dei forbetringar vi har gjort med tunnelane, og i tillegg prøve å finne gunstigast mulig plass for montering av tunnelane, er det stor optimisme og entusiasme blant deltakarane i prosjektet.

I tillegg til arbeidet med å styrke tunnelane, har eitt anna viktig arbeid for Arctic Tunnel vore å vidareutvikle websidene til selskapet, og å få oversatt websida til Finsk og Engelsk. Dette arbeidet er no på plass, og me er godt nøgd med resultatet, som du kan sjå på [www.arctictunnel.com](http://www.arctictunnel.com) avsluttar Hopperstad.